
Saksnr: 2020/46333-3
Saksbehandlar: Kari Steinsland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		23.09.2020
Fylkesutvalet		29.09.2020

Ombordtillegg på bruk av bankkort om bord på bussane i Hordalandskontraktane

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslaget om at prinsippa som ligg til grunn for ombordtillegg på kontantbetaling om bord på bussane (og om bord på båtruta mellom Kleppestø og Strandkaien) i Sone A (Hordaland) vert lagt til grunn ved innføring av betaling med bankkort. Frå innføring av bankkort som betalingsmiddel på bussane, vert det ombordtillegg på betalningar med bankkort for einskildebillettar.

Samandrag

Sidan 2013 har ein i Sone A (Hordaland) hatt eit ombordtillegg ved kontant betaling på bussane, samt båtruta mellom Kleppestø og Askøy. Dette har vore eit viktig tiltak for å redusera billettering om bord, noko som gjer at trafikkavviklinga vert meir effektiv. I tillegg er det eit tryggingstiltak for sjåførane for å redusera risikoen for ran. I samband med tidlegare vedtak (PS 141/2020 (Fylkesutvalet 18.06.2020)) om å innføra betaling med bankkort som betalingsmiddel på bussane i Hordaland, har administrasjonen vurdert i kva grad dette vil påverka kjøpsmønstra til kundane. Vurderinga er at i Sone A (Hordaland) ønskjer ein å utvida ombordtillegget til å gjelda betaling med bankkort, mellom anna for å unngå at kundane går frå app til bankkort.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Bakgrunn

Om bord på bussane i Sone A har ein i dag ein ordning med eit ombordtillegg når ein kjøper einskildbilletter kontant om bord. Denne gjeld òg ved betaling med bankkort om bord på båtruta mellom Kleppstø og Strandkaien. Liknande ordningar finn ein hjå dei fleste større kollektivselskapa i Noreg, mellom anna hjå Ruter, AtB og Kolumbus. I Hordaland vart ombordtillegget først vedtatt i forbindelse med årsbudsjettet for 2012 (69/11, Fylkestinget 13.12.2011), med planlagt innføring frå oktober 2012. Ordninga vart innført frå juni 2013, i dåverande Sone Bergen, som no er ein del av Sone A. Med innføringa av den nye sonestrukturen frå 1. august 2018 vart ombordtillegget utvida til å gjelde heile Sone A.

Hensikten med ombordtillegget er å stimulera til bruk av sjølvbetente salskanalar. Det er i hovudsak to grunnar til at ein ønskjer dette. For det første er målet å redusera tida bussen står i ro på haldeplassen, for å få meir effektiv trafikkavvikling og reduserte køyretider. For det andre er det eit mål å redusera kontanthandlinga om bord i bussane. Dette vil ein både av omsyn til sjåførernes sikkerheit (reduksjon av faren for ran), men òg av omsyn til at det er dyrare administrativt å ta i mot kontantar samanlikna med andre betalingsmåtar, til dømes mobilappen.

Med dagens prisar utgjer ombordtillegget 21 kroner for vaksne, og 10 kroner for born og honnørreisande for reiser kjøpt i Sone A.

2. Betaling om bord – utvikling og mål

Administrasjonen har i fleire saker våren 2020 gjort greie for arbeidet som no er starta i Hordaland med forenkling, modernisering og effektivisering av salskanalane og betalingsmåtane, mellom anna i RS 37/2020 (Fylkesutvalet, 30.04.2020) og seinast i PS 141/2020 (Fylkesutvalet 18.06.2020). Målet er felles løysingar for heile Vestland, men før løysingane kan rullast ut i Sogn og Fjordane lyt felles takst- og sonemodell for buss vera på plass. I sistnemnde sak vart det samrøystes vedteke at reise pengar/verdikort skulle fasast ut, og betaling med bankkort skulle fasast inn som alternativ på busskontraktane.

Som ein tidlegare har vore inne på, har ein i kontraktsområda som tidlegare Hordaland utgjer, hatt ei utvikling innanfor billettering i sjølvbetente kanalar som vekker oppsikt, både nasjonalt og internasjonalt. Frå oppstarten i 2013 og fram til no, har appen Skyss Billett hatt ei rivande utvikling, og står no for om lag 80 % av omsetnaden. Dette gjer at sjølv om ein har hatt ei stor vekst i talet på passasjerar, så klarar ein i stor grad framleis å halde rutene og gjere forbetringar knytt til køyretid og presisjon. Sjølv med ein høg grad av sjølvbetening, utgjer salet av billetter om bord framleis ein stor sum, om lag 150 millionar i 2019. Her gjer ein nokre endringar frå 01. oktober som vil ytterlegare redusera billetteringa om bord. Sal av periodebilletter om bord, samt påfylling av reise pengar, utgjer om lag halvparten av omsetninga om bord i dag. Frå 01. oktober vert det ikkje mogleg å fornya periodebilletter om bord i bussane, og i takt med innføringa av den nye salsløysinga for billetter om bord vert det heller ikkje mogleg å fylla på eller bruke reise pengar.




Innføringa av bankkort som betalingsmiddel om bord i bussane er eit ledd i moderniseringa og effektiviseringa av sals- og betalingsløysingane til Skyss/Kringom, og i PS 141/2020 (Fylkesutvalet) vert det peikt på fleire fordelar dette vil gje både fylkeskommunen og dei reisande. Jamvel er det slik at betaling med bankkort framleis vil krevje ein interaksjon mellom sjåfør og den reisande. Betaling med bankkort vert eit godt alternativ til betaling med kontantar, ei god løysing for tilreisande som ikkje har installert appen, og eit godt tilbod til reisande i distriktet, der tilgangen på kontantuttak kan vera vanskelegare. I Sone A er det framleis slik at ein ønskjer at flest mogleg skal løysa billett på førehand, mellom anna av omsyn til effektiv trafikkflyt på haldeplassane. Med innføringa av kontaktlause bankkort er det difor ein viss risiko for at det vert for enkelt å nytta bankkortet på bussane, framfor å kjøpa billett i appen på førehand. Med bakgrunn i etablerte prinsipp om at ein ønskjer å redusera manuell betaling og få ned tida på haldeplassane, er difor forslaget at betaling med bankkort om bord på bussane i Sone A (Hordaland) vert belasta med ombordtillegg ved kjøp av. 24-timarsbilletter vert ikkje omfatta av ombordtillegget.

3. Marknadsmessige påverkingar

Konsekvensane ved utfasing av reise pengar på Skysskort for ulike grupper vart omtala i PS 141/2020 (Fylkesutvalet). Reise pengar på Skysskort er eit produkt som gjer at ein fyller på pengar på kortet, og kan nytta kortet til å kjøpa billetter om bord på bussane og på båt, på Bybanen og på billettautomatane.


Med utfasing av reise pengar på Skysskortet og (innføring av) ombordtillegg på bruken av bankkort i Sone A, vert alt kjøp om bord behandla likt. For reisande i Sone A som nyttar reise pengar om bord på bussane, må ein anten nytta sjølvbeteningskanalar (Skyss Billett-appen, billettautomatar eller nettbutikk) eller betala ombordtillegg. I dagens løysing kan ein unngå ombordtillegg ved å bruka reise pengar. Dette er ei løysing ein del brukar, men løysinga krev at ein fyller reise pengane på Skysskortet. Dette kan gjerast på fleire måtar; anten om bord hjå sjåfør (buss), billettør (båt), på kundesenteret eller på billettautomatane. Når ein ser at nokre reisande lyt endra vaner eller får auka prisen, er det nærliggjande å spørje seg kvifor ein ikkje kan fortsetja med ordninga med reise pengar.

Det er fleire utfordringar med reise pengar som betalingsmiddel, og fleire av dei vert nemnd i PS 141/2020 (Fylkesutvalet). Oppsummert er utfordringa dels at det er ei betalingsform som ikkje er framtidsretta, som stadig færre vel, og som har andre krav til både infrastruktur, systemstøtte og distribusjon. Bankkort krev òg både infrastruktur og systemstøtte, men er i større grad framtidsretta, og noko dei aller fleste reisande sjølv syt for å ha. Ei anna side ved reise pengar er sjølv påfyllinga. Sjølv om det er alternativ, vel om lag 60 % av kundane i dag å fylla på reise pengar hjå sjåfør. Tek ein med billettørane på båtane, veks det til 70 %. For ein del kundar er det eit alternativ å fylla på hjå kundesenteret eller på automat, men delen som gjer dette er berre totalt om lag 30 %, og for mange vil det vere tungvint. I Sone A utgjer påfylling av reise pengar om lag 80 000 transaksjonar årleg, med i snitt 271 kroner per påfylling. Dette er sal om utgjer ein stor del av kontanthandteringa, og som tek mykje tid på haldeplassen.


		Ny løysing			Dagens løysing		
		På førehand	Om bord (Kontant)	Om bord (Kortbetaling)	På førehand	Om bord (Kontant)	Om bord (Reise pengar)
	Vaksne	39kr	60kr	60kr	39kr	60kr	39kr
	Honnør	20kr	30kr	30kr	20kr	30kr	20kr
	Born	20kr	30kr	30kr	20kr	30kr	20kr

Tabell 1: Prisar ombordsal i ny løysing og dagens løysing (Sone A)

Tabell 1 viser skilnaden på pris før og etter utfasing av reise pengar, og med ombordtillegg på betaling med bankkort i om bord i Sone A. Figur 1 viser talet på selde billetter fordelt på dei tre store billettkategoriene (vaksen, honnør og born) og etter betalingsmåte, medan figur 2 visar kor stor prosentdel av heilskapen kvar betalingsmåte utgjer.



Figur 1 - Billettsal per gruppe og betalingsmåte



Figur 2 - Fordeling på betalingsmåtar per gruppe

Som ein kan sjå av figurane, er det nokre skilnadar mellom dei ulike gruppene når det gjeld i kva grad ein vert omfatta av endringane. For vaksne og born vert det for ni av ti ikkje noko endring. I gruppa honnørreisande vert det for om lag fire av ti naudsynt å endra vanane sine, i hovudsak knytt til endringane med reisepengar, men òg fordi sal av kommisjonærbilletter fasast ut frå 01. oktober (kommisjonærbilletter er einskildbilletter som vert seld hjå utvalde kioskar og daglegvarebutikkar i Bergensområdet, og som utgjer om lag 1 % av billettsalet).

Det betyr ikkje at alle i gruppa honnørreisande får det dyrare. Frå statistikken veit ein at 75 % i aldersgruppa 67-79 år har smarttelefon (SSB, 2018), og kan nytta app. Prosentdelen som har smarttelefon i denne gruppa har auka frå 46 % i 2015, og ein ser og ei positiv utvikling i talet på selde billetter i appen. For nokre vil det nok vere utfordringar knytt til å byte salskanal eller betalingsmåte, men i dei nye salskanalane vert det òg lagt opp til at ein i større grad kan få hjelp av vener, familie eller på kundesenteret. Dette vert mogleg mellom anna gjennom den nye sjølvbeteningsløysinga for Hordaland som kjem i oktober 2020 (løysinga er og planlagt lansert i Sogn og Fjordane i 2021, men er avhengig av ny felles takst- og sonemodell for buss).

4. Økonomiske effektar av ombordtillegg

Det er førebels uklårt, og vanskeleg å seie eksakt kva slags økonomiske effektar eit ombordtillegg på betalingar med bankkort i Sone A vil få. Målet med endringa er uansett ikkje å betra økonomien til fylkeskommunen, men å arbeida for at fleire skal kjøpa billett i andre kanalar enn om bord på bussane i Sone A. Endringa kan gje ei viss auke i billettinntektene, men i kva grad avheng av om dei reisande vel å kjøpa billett i andre kanalar, eller om dei vel å betala om bord. Estimert syner at ein kan få om lag to til tre millionar kroner meir i inntekter i året. Estimata er svært usikre, og er meir ein peikepinn, og det vert understreka at dette ikkje er eit økonomisk grep, men eit tiltak for meir effektiv påstiging på haldeplassane og lågare kontanthandtering om bord.

5. Evaluering av ombordtillegg på bankkort

Tiltak er noko ein gjer for å oppnå ulike mål. Som med andre tiltak, lyt dei få verka ei stund før ein evaluerer om dei har hatt ynskt effekt, eller om ein lyt gjera justeringar. Sonereforma frå 2018 som gav felles takst/sone for buss i Hordaland er eit godt eksempel på dette. Her hadde ein fleire mål, og sjølv om endringane førte til at dei fleste fekk det betre, så var det òg nokon som kom dårlegare ut. Her har ein gjennomført ei evaluering (PS 103/2020, Fylkesutvalet 28.05.2020), og på bakgrunn av denne får ein god og faktabasert kunnskap som kan brukast til å gjere justeringar i neste runde. Fylkesrådmannens anbefaling er at ein gjer det same når det gjeld ombordtillegg på bankkort. Innføringa av bankkort som betalingsmiddel på bussane i Hordalandskontraktane tek til vinteren 2020/2021, og vil etter planen vere innført i alle kontraktsområder våren 2021. Slik situasjonen er no, er det uråd å seia kva tid systemet vert godt utprøvd, sidan smittesituasjonen påverkar salet av billetter om bord, og kven og kor mange som reiser. Kva tid evalueringa skal gjerast kjem ein difor tilbake til, men den bør gjerast innan rimeleg tid. Ein vil òg gjera løpande vurderingar om endringane får utilbørlege konsekvensar for sårbare grupper, og vurderer tiltak retta mot desse gruppene dersom ein ser at det er naudsynt.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet jamfr. reglementet pkt. 2.1.1

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ombordtillegg kan få påverknad på inntekter, men i kva grad avheng av kor mange som vel denne forma for betaling

Klima: ikkje relevant

Folkehelse: ikkje relevant

Regional planstrategi: Ingen påverknad

Konklusjon

Frå hausten 2020 gjer ein fleire endringar for takstområde for bybanen og buss i Hordaland, både med tanke på kva slags produkt kundane får kjøpt om bord, og ein kjem med nye løysingar. Arbeidet er ein del av det å byggja ein heilskapleg og felles digital plattform for billettering og mobilitet i Vestland fylke, og vedtaka frå PS 141/2020 (Fylkesutvalet) legg grunnen for vidare arbeid. Eit viktig område i sentrumsnære strok er effektiv flyt av passasjerar, og her har ein gjort eit stort arbeid dei siste åra med å få flest mogleg over i mobilappen. Fylkesrådmannen tilrår difor ein følgjer prinsippa som ligg til grunn for ombordtillegg på kontantbetaling, og utvidar dette til å gjelde bankkort i Sone A når dette vert innført.